



Årsmøte Olden Idrettslag 30. mars 2023 kl. 20:00

Saksliste.

1. Opning av årsmøtet

- 1.1 Godkjenning av innkalling
- 1.2 Godkjenning av saksliste
- 1.3 Val av møteleiar
- 1.4 Val av referent
- 1.5 Val av to personar til å skrive under møteprotokollen

2. Årsmelding frå styret og i frå gruppene

3. Rekneskap

4. Fastsetjing av medlemskontigent

Styret foreslår følgande kontigenter for 2023

- Barn under 16 år: kr 300
- Vaksne: kr 400
- Familie: kr 600
- Støtte: kr 250

5. Orientering kunstgrasbana

6. Innkomne saker

- Rekruttering konkurranseidrett i Olden, aktuelle tiltak.
- Bokprosjektet

7. Evt, ordet fritt

Styret

Gruppe/Namn	Innv. År	Funksjon	e-post
<u>Hovudstyret</u>			
Randi Gjengedal	2016	Leiar	
Birte K. Høgalmen Holko	2021	Nestleiar	
Tove Kristin Vedlog	2013	Kasserer	
Sondre Guddal Muri	2021		
Asgeir Flåten	2022		
Kåre B. Alme	2022		
<u>Idrettsskulen</u>			
Therese Sunde	2018		
Hege Gjertsen	2022		
Frantisek Strapec	2021		
<u>Fotballgruppa</u>			
Sondre G. Muri	2014	Leiar	
Ragnvald Flåten	2011		
Helene Jørgensen	2019		
<u>Friidrettsgruppa</u>			
Sondre G. Muri	2015	Leiar	
Gry Ingvild Agjeld	2019		
Jostein Gjerde	2016		
Kjersti Haugland	2019		
<u>Skigruppa</u>			
Hans Petter Galtung	1999	Leiar	
Rune Holen	2019		
Roar Alsaker	2003		
<u>Alpingruppa</u>			
Rune Fredheim	2017		
Andre Oppheim	2021		
<u>Banenemnd</u>			
Steinar Slettenes	2023		
Jostein Gjerde	2023		
<u>Oldestafettnemnd</u>			
Rasmus Bruvoll	2018	Leiar	
Arne Sandnes	2008		
Dagfin Gytri	2000		
Geir Flåten	2017		
Pål Skarstein	2017		
<u>Sykkelgruppa</u>			

Andre Oppheim			
Andreas Drageset			
Gruppe/Namn	Innv. År	Funksjon	e-post
Martin Fredheim Klaesson			
<u>Skarsteinsetra opp</u>			
Odd Kjetil Tonning		Leiar	
Andre Oppheim			
Andreas Drageset			
Kjersti Haugland	2021		
Hans Petter Galtung	2021		
Per Muri	2021		
<u>Idrettsmerkegruppa</u>			
Alvhild Flåten	2017		
Arne Muri	2009		
<u>Basisball</u>			
Cecilie Hagleskjær			
<u>Fjelltrimmgruppa</u>			
Anders Bruvoll	2003		
Geir Brynstad	2023		
Joar Sunde	2019		
<u>Premieansvarleg</u>			
Leiv Arne Egset	2015		
<u>Valnemnd</u>			
Mette Hansen	2019		
Gry Ingvild Agjeld			
Ny			
<u>Husnemnd</u>			
Kjartan Urne	2020	Leiar	
Anita Skarstein	2020		
<u>Banenemnd (Friidrettsbana)</u>			
Einar Strand	2021		
Helge Hafsås	2021		
<u>Revisorar</u>			
Linda Alsaker	2017		
Roar Alsaker	2017		

Årsmelding Olden IL 2022

STYRET SI ÅRSMELDING 2022

Styret har i 2022 har hatt denne samansetninga: Randi Brynstad Gjengedal (leiar), Birte Høgalmen Holko (nestleiar), Tove Vedlog (kasserar), Kåre Bruvoll Alme (sekretær), Sondre Guddal Muri og Asgeir Flåten.

Møter og oppgaver:

Det har vore mykje aktivitet i Olden IL i 2022. Godt å komme igang etter corona. Styret har hatt eit godt samarbeid med hyppige møter og dialog mellom møta. Året har vore prega av å få igang aktivitet etter corona, få drift av lagshuset og økonomien av laget.

Nokon av sakene vi har jobba med: Vi har gjeve ut Olden il posten, hatt markering på Oldendagande, klosse løp, dugnad klatreparken, prøvd få trenarar i idrettskulen (der vi bla har gjeve tilbod av kursing og hatt møte med foreldra) , innkjøp av utstyr, innkjøp av snøskuter, kunstgrasbane, bok, nøkkelsystem/vasking styrkerommet, hatt basar, fått laga Olden IL hettegenser og fått system på Olden IL draktene.

Medlemstal:

Medlemstalet i Olden IL er 202 medlemmar. Det har auka med 47 medlemmar. Dette er vi fornøgde med. Av medlemstalet er 77 stk barn.

Aktivitatar:

Endeleg er gruppene komne i gong att etter corona, men vi har utfordringar med rekruttering. Det viser seg at det er vanskeleg for mange organisasjonar å få oppatt aktiviteten etter nedstenginga. Vi er fornøgde med at vi har aktivitet i alle gruppene våre. Viser til årsmeldingane til gruppene.

Arrangement:

Vi har hatt Lagsmeisterskap friidrett, Idrettsmerke taking, Oldestafett og Skarsteinsetra opp !! Viser til årsmelding frå gruppene.

Økonomi:

Vi har store prosjekt framfor oss. Til kunstgrasbane har vi fått innvilga lån på 3 147 000kr med kommunal garanti. Vi skal gje ut bok : " Olden IL 100 år og vel so det". Vi har sendt inn mange søknader på aktivitet og fått ein del midlar til dette. Vi har nytta oss av ekstra søknadsordningane knytt til corona. Aktivetsrommet i 2egt har vi fått midlar til å drive og her har ikkje laget brukt av eignemiddlar. Vi har hatt ein basar og fekk inn rekord: 86.290kr og på Skarsteinsetra opp kom der inn 103.187kr i sponsor inntekter. Vi har prøvd å få til eit vaskesystem på styrkerommet. Det er nok ein for stor jobb for dugnad og her må vi truleg leige inn eit vaskebyrå.

Vi har på konto pr 31.12.22 1 242 703 kr, av desse pengane er 865 000 kr merka midlar til bane/bok. Lån pr 31.12.22 165 800kr.

Tankar framover:

Vi i styret tenkjer det i 2023 blir viktig å jobbe for å få opp aktivitet/ stemner på friidrettsbana vår. Samt jobbe med rekruttering av trenarar. Vi har søkt midlar til rekruttering i alle barneaktivitetane våre. Vi jobbar for at folk i bygda skal få ei tilhørighet og ansvarsfølelse for aktivitetane våre. Vi har kjøpt inn hettegenser og i år håpar vi at det blå og gule viser att på Oldestafetten og på andre aktivitatar. Vi har også søkt midlar til eit ungdomsprosjekt på styrkerommet. Aktiviteten i laget vert eit viktig fokus i 2023. Og vi gler oss over bokprosjekt og kunstgrasbane. Vi har planer om ein jubileumsfest i tilknytning av at boka vert utgiven. Videre er det viktig at vi er ein del av Olden og at vi skaper bulyst i bygda vår!

Til slutt vil vi takke alle dokke fantastiske eldsjeler, som bidreg til at laget vårt fungerer!!!

For styret i Olden IL 2022, Randi Brynstad Gjengedal, leiar.

Skarsteinsetra Opp 2022

Etter nokre år med koronarestriksjonar og utfordringar med å få gjennomført sykkelklassen var det igjen duka for full breidde i den 12. utgåva av Skarsteinsetra Opp laurdag 10. september!

Det blei i tillegg ein dag med perfekte forhold der rekordane stod for fall når vi kunne ønskje velkomne til vår unike motbakkekonkurranse der løpar og syklistar startar i Olden sentrum og konkurrerer om å kome raskast opp til Skarsteinsetra. Løypa er 4,6 km og har ei stigning på 400 høgdemeter. Underlaget er asfalt i knappe 2 km, deretter grusveg og traktorveg.

Trimmarane utgjør vanlegvis ein viktig del av Skarsteinsetra Opp og i år kunne vi endeleg invitere dei tilbake til årets opptur. Det stilte i år 75 mosjonsistar i tillegg til 7 syklistar og 14 løparar. Vi skulle gjerne ønskje endå fleire deltakarar, men må gjerne vente at det tek eit par år før vi er tilbake med tilsvarande deltakartal som før korona.



Første syklist opp i år beviste tydeleg at det var rekordforhold på Skarsteinsida i år! For Trond Håkon Trondsen (VitalThings) sykla opp på den smått utrulege tida 17:55! Nesten eit halvt minutt betre enn Trym Løddøen sin tidlegare rekord på 18:22.

Raskaste tida på løp blei levert av Olden IL sin eigen Lars-Martin Melheim. Med den sterke tida 21:05 senka han sin eigen pers og nærmar seg endå meir dei aller raskaste utøvarane i adelskalenderen.



Eli Anne Dvergsdal (Gneist friidrett/Dynafit) gjorde nok eit toppløp i Olden og senka si rekordtid til 24:03. Det er og veldig kjekt å sjå nye sterke talent i løypene. Maria Klakegg (Jølster IL) leverte supertida 28:50 og ny løyperekord i J13-14.

Spurtprisane i Skarsteintunet gjekk og til desse fire klassevinnarane som heldt god fart frå start til mål.

Klassevinnar på heimebane blei og Helge Hafsås i klasse H 50-59 med tida 28:27.

Sterke prestasjonar! Vi håpar det gjev meirsmak og ønskjer velkomne tilbake. Spesielt vil vi ønske velkomne til fleire deltakarar i kvinneklassene framover. I 2022 var det 5 kvinner med, så her er god plass til endå fleire.

Andre plasseringar av deltakarar frå Olden IL var i klasse H40-49 på sykkel med Kjartan Urne på 2. plass med tida 29:57 og Andreas Sunde Drageset på 3. plass med tida 30:12.

Hjarteleg takk til alle deltakarar, tilskodarar, funksjonærar, grunneigarar og sponsorar for å skape ei flott ramme rundt nok ei vellukka utgåve av Skarsteinsetra Opp! Eit arrangement som skapar godt engasjement i bygda og viktige inntekter til idrettslaget.

Andre laurdagen i september er fast dato for arrangementet. Vi vil difor ønskje alle velkomne tilbake til ein skikkeleg folkefest igjen laurdag 9. september 2023. No har vi endeleg lagt korona bak oss og vil igjen samle både trimmarar, løparar og syklistar til ein opptur etter god gammal oppskrift!

Odd Kjetil Tønning, Skarsteinsetra Opp 2022/Sykkkelgruppa

Knøttetrimmen

Knøtttrimmen er eit tilbod til dei yngste og der møter ca 20-25 barn.

Der er det ein del fri leik ungane kan utforske og utfolde seg i som : balansere, hoppe på tjukkas, springe, stafett, konkurranse leik, fotball, hinke, klatre ribbevegg og hoppe ned på tjukkas, hoppe, ertepose kasting inn i ein ring , stiv heks, hauk og due, marihøne i gymsalen.

Vi har hatt nokre høve der vi har vore ute på skuleplassen der ungane har fått kunne sykla eller på sparkesykkel. Det går ein del fri leik med ute apparata ved skuleplassen kan utfolde seg på.

Klatreparken har vi også brukt.

Dette er eit sosialt og kjekt tilbud for små 2-6 år.

Der får ungane lære seg å vente på tur, stå i kø og samarbeide under konkurranseform. Alle blir engasjerte og har det kjekt gjennom aktiviteten.

Det er bestilt ballar, ertepose, modul så barna kan lære seg å hoppe på "bukke" men det har vi ikkje fått mottatt endå.

Der er planen blandet Anna att barn skal lære seg å kaste ball og ta imot og sende ballen vidare. Samt sentre til kvarandre.

Mvh

Birte Krogh Høgalmen Holko

Årsmelding frå skigruppa - nordisk til årsmøtet

Medlemmer i gruppa 2022 : Roar Alsaker, Rune Holen og Hans-Petter Galtung (leiar) Som vanleg dei siste åra har arbeidet i gruppa stort sett vore avgrensa til løypekøyting. Nede i bygda var det ikkje nok snø til køyting i 2022. Vi har derfor heller ikkje i år kunna arrangere løp eller instruksjon. Vinteren var som vanleg har vore i mange år no, prega av svært varierende temperaturar, Kulde og snø i korte periodar, som så vart avløyst av mildver og regn. Dette året hadde idrettslaget ikkje tilgang på eigen snøscooter. Dei korte periodane det var nok snø i skogsvegane ,vart det preparert med traktor, bil, lånt scooter eller vi gjorde det på gamlemåten og gjekk opp spor for eigen maskin. Etter sesongen vart det kjøpt inn ein "ny" scooter med lukka henger. Vi betalte kr. 49.000,- for scooteren og 11.000,- for hengaren. Den "nye" scooteren vart brukt til preparering for første gong 13.12.22 og viste seg å fungere veldig godt. Av dei utanfor gruppa vil vi særleg takke Leiv Arne Egset og Jostein Gjerde for innsatsen og sjøvsagt styret i Olden IL som løyvde pengar til "ny" scooter. Jostein har både laga prepareringsutstyr og bidrege med løypepreparering. Han er ein viktig ressursperson i Olden il som i seinare år har bidrege mykje m.a. med også å lage utstyr for friidrett og montering av utstyr/faste installasjonar på styrkerom og lager. For 2023 ser det ut til at vi får kr. 10.000,- frå Stryn kommune til løypepreparering. Forslaget frå SIR var på kr. 15.000,- Ja eigentleg var forslaget frå SIR at vi skulle få langt mindre eller ingenting p.g.a. mangande prepareing i 2022. Det er då det viser seg kor viktig det er at laget er representert i styret i Stryn idrettsråd og derfor kan kome med utfyllande opplysningar og få heva forslaget til tilskot.

Skigruppa i Olden IL Hans-Petter Galtung (leiar) Den "nye" scooteren og Jostein har gått frå oljefat til bilhjul. Foto : Hpg



Rapport frå idrettsmerkegruppa – 2022

Utøvarar som ønskjer å ta *Idrettsmerke*, må klare oppsette krav i dei fem «øvingsgruppene»; Trim, Spenst/presisjon, Hurtigheit, Styrke og Uthald. Innanfor gruppene er det ulike øvingar å velje mellom.

Idrettsmerkeprøvene vart halde berre ein gong. Annonsering vart gjort på Facebook i tillegg til at det vart ringt rundt og sendt melding til tidlegare merketakarar og andre som hadde vist interesse i førekant. Det er ingen nye som har kome til, og fleire av dei som tidlegare har teke prøven, har ikkje lenger helse til å fortsetje, eller dei vart ikkje med av andre grunnar.

Prøvene i hurtigheit, spenst og styrke vart haldne på friidrettsbana ved skulen.

Uthaldsøvingane som var oppførte i år var: sykle 10 km på tid og langturar i skog/fjell med varigheit på minst 5 timar. Tre personar gjennomførte prøvar som stettar krava til *Idrettsmerke*; 3 kvinner.

Idrettsmerket kan takast frå ein er 16 år. Prøvene gir ein god peikepinn om korleis eiga fysisk formutvikling er. Å ta idrettsmerke kan vere «sparket» ein treng for å halde seg i aktivitet/trening.

Med helsing
Alvhild Flåten
Leiar i Idrettsmerkegruppa

Tabata

Hei!

Først og fremst vil vi takke Olden IL for tillitten til å ha tabata i regi av idrettslaget.

Behovet for å starte opp var på grunn av at det opplevdes som eit tomrom i trimtilbodet i Stryn når basisballen slutta.

Kort om Tabata:

Tabata er ei treningsform som passar for alle som er kjend med sirkeltrening eller basisball, der vi trenar ein kombinasjon av kondisjon, bevegelse og styrke. Økta er lagt opp til at vi trenar ulike muskelgrupper strategisk med 20 sekunder intensiv trening, og har 10 sekund pause, i 4 minutt. Vi har 10-11 slike rundar og til saman trenar vi i 50 minutt, og har uttøying til slutt. I treninga brukar vi hovudsakleg eigenvekt og basisballar på 4-8 kg. I 2022 gjorde eg innkjøp av manualar på 2 og 3 kg for å variere treningsøktene meir. Desse manualane lånar eg ut på treninga utan ekstra kostnad for medlemmane til idrettslaget. Medlemmane får tilbod om å kjøpe vektene til innkjøpspris, og mange har skaffa seg eigne vekter også.

Tabata starta opp som eit fritt initiativ i 2021 med utandørs trening. Men ettersom vinteren kom og det vart for kaldt til å vere ute, tok undertekna kontakt med Leiv Arne Egset for å høyre om Tabata kunne vere eit tilbod i idrettslaget, og vi kunne trene inne i gymsalen. Dette vart godt motteke, og vi starta opp med Tabata like etter.

Vi har hatt Tabata kvar torsdag frå kl 20-21, utanom når gymsalen har vore oppteken til andre ting, og når det har vore påskeferie og sommarferie.

Dei dagane det har vore fint vær har vi vore utandørs. Eg har telt opp at vi har hatt Tabata ca 36 gongar i 2022, og vi har vore mellom 2-7 deltakarar kvar gong. Snittet har vore 5 deltakarar pr trening.

Eg kan legge til at vi i 2023 har endra frå torsdag til søndag, og at dette har vore positivt motteke for dei som ønskjer å trene. Det har også ført til fleire medlemmar og meir stabilt oppmøte.

Vi vil takke for eit flott 2022, og gleder oss til eit nytt år med trening i 2023.

Mvh Jannike Sunde

Olden Idrettslag, Husstyret

Gjennomført 2022,...og planar framover:

Husstyret har bestått av Anita Skarstein og Kjartan Urne.

Husstyret skal utvikle og vedlikehalde klubbhuset slik at aktivitetsgruppene som nyttar huset kan drive aktiviteten på ein trygg og behageleg måte og samtidig ta godt vare på bygget.

Dette vart gjort i 2022:

- Utkast til husreglar og leigekontrakt
- Montert kjøken
- Montert fleire stikkontakter
- Montert gardiner
- Skaffa stolar og bord
- Montert sikring på vindu i 2. etg.
- Skifta til kodelås på hovuddøra
- Montert tørkerulldispensera (styrkerom, do, kjøken)
- Har etablert rutinar for vekentleg søppeltøming
- Har etablert rutinar for årleg ettersyn/vedlikehald av ventilasjonsagregat.
- Produsert nytt premieskåp (ikkje montert)
- Elles har vi stått for ein del innkjøp av småting til aktivitetsklubben.

Planar, ønsker og idèar framover:

- Skifte knust vindu på styrkerom samt montere sikring
- Sperre av mellom trapp og lager ved hovudinngang
- Vaskedugnad, slutten av april
- Måledugnad, slutten av april
- Montere premieskåp, ev. med bilete i ryggen(?)
- Utvendig rømningstrapp(?)

Med helsing

Kjartan Urne

Årsmelding idrettsskulen 2022-2023

Ansvarlege: Hege Gjertsen, Anita Skarstein og Håvard Kvamme

Tall ungar: Har vore 19 barn med på idrettsskulen. På det jamne 15-16 stk.

Gjennomføring:

Det var sein oppstart i 2022 grunna manglande leiar/ansvarlege. Vart kun gjennomført 3 idrettskular før nyttår. Etter jul har det vore ein gong pr. veke.

Aktivitetar:

- Friidrett inne x2
- Aktivitet og leik ute
- Hinderløype i gymsal
- Handball x2
- Innebandy x2
- Balleik
- Basisøvingar
- Klatring og boblefotball i Strynehallen x2

Hege og Anita har hatt regien på dei fleste samlingane etter jul. Av eksterne instruktørar er det Hans Petter Galtung som har hatt ansvar for friidrett og Stryn Klatreklubb som hadde ansvar for klatringa i Strynehallen.

Det var planlagt og ynskje om å få til dans, svømming, karate og ridning – men vi har ikkje klart å gjennomføre dette på grunn av vanskar med få tak i eksterne instruktørar. Ski, skøyte og aking har ikkje blitt gjennomført grunnamangel på snø.

Det er planlagt 2 idrettsskular til før det avsluttast til påske.

Det er ynskje om å få til ei avslutning i Hydlaparken i slutten av april.

Kostnad:

Utleigg har vore til Stryn Klatreklubb og leige av Strynehallen.

Instruktør Stryn Klatreklubb: 1200,- for 2 timar. Har hatt 3t totalt.

Leige av Strynehallen: ?

Hydlaparken: ?

Det har ikkje blitt gjort innkjøp av utstyr til Idrettsskulen av dei ansvarlege.

Mvh Anita Skarstein

Årsmelding Oldestafetten 2022

Oldestafetten 2022 var den 66. i rekkja og vart arrangert 24. april. Grunna pandemi vart stafettane i 2020 og 2021 avlyste. Kun 16 lag stilte til start, ein nedgang på 10 lag sidan 2019. Pandemien kan kanskje forklare noko av nedgangen i antal deltakande lag, men trenden har vore synkande i fleire år. Sjølv gjennomføringa av arrangementet gjekk bra. Det vart halde appell av Jan Heggheim og stafettane gjekk som planlagde.

Guteklassen var størst med 5 lag til start, jenteklassen 4 lag, open klasse med 3 lag, herrar 2 og damer og veteran eitt lag kvar.

Jølster vann klassane gutar, jenter og veteran. Markane var einaste lag til start i dameklassen, og Gloppen vann herreklassen. Open klasse vart vunne av Melheim IL.

Framtida for Oldestafetten er avhengig av at vi kan snu den synkande trenden for deltakande lag, samt at vi kan rekruttere folk som er interesserte i å vere med å arrangere stafett.



REKNESKAP FOR OLDEN IDRETTSKLAG

Årsregnskap 2022

	2022	2021
	Kr	Kr
INNTEKTER		
Medlemskontingent	47 280	28 850
Idrettsskolen	700	7 800
Treningsavg. fotball/basisball	5 500	5 500
Basar/lotteri	85 535	56 600
Startkontingent Oldestafetten	4 400	-
Startkontingent Skarsteinsetra Opp	11 300	2 000
Sponsorinntekter Oldestafetten	5 000	-
Sponsorinntekter Skarsteinsetra Opp	103 187	94 170
Sal programhefte Oldestafetten	5 000	-
Kiosk Oldestafetten	19 523	-
Kiosk Skarsteinsetra Opp	5 260	-
Treningsavgift styrkerom	45 250	16 950
Inntekter andre arr.	11 267	-
Sal av drakter, basisballer etc	-	1 020
Gåver, tilskudd	269 362	131 999
Grasrotandel	44 116	52 998
Momskompensasjon	17 234	10 468
Andre inntekter	50	1 800
Renteinntekt	1 661	67
Kundeutbytte Gjensidige	1 279	374
SUM INNTEKTER	682 904	410 596

	Kr	Kr
UTGIFTER		
Lotteri/Basarutgifter	4 081	537
Treningskle, basisball etc for videre salg	-	818
Utgifter kiosk Oldestafetten	12 922	-
Utgifter kiosk Skarsteinsetra Opp	8 398	-
Utgifter andre arr.	4 160	-
Leige lokaler/anlegg/instruktører	2 000	18 400
Renovasjon, vatn, avløp o.l.	5 238	4 917
Straum arenabygg	19 514	16 068
Reinhald	4 968	2 996
Inventar/utstyr	40 885	72 923
Rekvisita	3 769	5 015
Div.driftsutgifter	5 883	2 463
Rep og vedlikehold utstyr	1 675	-
Rep og vedlikehold klatrepark	11 046	2 486
Rep og vedlikehold idrettsplass	-	732
Rekneskap	5 000	5 000
Kontorrekvisita	2 099	2 817
Møter, kurs, oppdatering o.l.	3 696	990
Utgifter jubileumsbok	279	750
Telefongodtgjersle	-	300
Porto	2 630	2 142
Kostnader snøscooter	1 545	3 319
Forsikring og avg.snøscooter	797	640
Kjøregodtgjersle/ref.reisekostnader	5 397	13 785
Annonse/Reklamekostnad	8 325	5 585
Heimeside	2 873	124
Startkont./Krinsavg./andre kont.	37 503	29 952
Premier/Gåver/Gåvekort	30 184	8 229
Forsikringspremie	11 714	10 688
Bank/vippsgebyr	4 276	1 457
Sosiale arr., avslutningsarr.	935	1 030
Annen kostnad	610	2 407
Avskrivning idrettsanlegg v/skolen	65 599	65 599
Avskrivning Arenabygg	16 417	13 681
Avskrivning teknisk inst. Arenabygg	18 594	15 495
Avskrivning inventar/utstyr idrettsanlegg	3 563	3 563
Avskrivning snøscooter	6 610	-
Avskrivning inventar/utstyr styrkerom	10 015	-
Avskrivning inventar/kjøkken 2.etg.	1 601	-
Annen rentekostnad	-	-
Rentekostnad banklån	12 176	21 007
Leverandørrenter	46	93
SUM UTGIFTER	377 022	336 007

ÅRSRESULTAT	305 882	74 589
--------------------	----------------	---------------



OLDEN IDRETTSLAG

BALANSE 2022	Inng.balanse 01.01.2022	Bevegelse 01.01.22.-31.12.22	Utg. balanse 31.12.2022
Støtte jubileumsbok	-	-25000	-25000
EIENDELER			
Arenabygg	478820,82	-16417	462403,82
Fast teknisk installasjon Arenabygg	356380,00	-18 594,00	337786,00
Friddrettsanlegg ved skulen	398739,47	-12 175,00	386564,47
Andeler/Støtte Kunstgrasbane	-	-400 000,00	-400 000,00
Toppdekket friddrettsanlegg v/skulen	80883,07	-53 424,00	27459,07
Snøscooter	-	42 965,00	42 965,00
Tilhengar UA8493	-	12 000,00	12 000,00
Inventar/utstyr styrkerom Arenabygg	-	70 106,35	70 106,35
Inventar/kjøkken 2.etg	-	14 412,65	14 412,65
Container ved idrettsanlegg	12 169,00	-3 563,00	8 606,00
Klatrepark støtte	-700 057,72	700 057,72	-
Klatrepark	870 696,00	-870 696,00	-
Beholdning ferdigvarer:			
Varelager premier	5 824,00	-824,00	5 000,00
Varelager treningskle	7 590,00	-	7 590,00
Fordringer:			
Kundefordringer	14 500,00	34 100,00	48 600,00
Forskuddsbetalt forsikring	8 505,00	828,76	9 333,76
Andre forskuddsbet driftskostn.	-	3 437,26	3 437,26
Bankinnskudd:			
Sparebanken Sogn og Fjordane (3770.20.32211)	446 573,67	230 582,57	677 156,24
Sparekonto (3705.13.08523)	64 171,00	501 376,00	565 547,00
Vipps	-	-	-
Sum Eiendeler	2 044 794,31	209 173,31	2 253 967,62
GJELD OG EGENKAPITAL			
Lån 3706.16.77012	-265 280,00	99 480,00	-165 800,00
Påløpt renter	-765,00	-14,00	-779,00
Leverandørgjeld	-4 400,00	-6 832,88	-11 232,88
Annen påløpt kostnad (straum)	-4 076,00	4 076,00	-
Egenkapital	-1 770 273,31	-305 882,43	-2 076 155,74
Sum Gjeld og Egenkapital	-2 044 794,31	-209 173,31	-2 253 967,62



Spesifikasjon av tilskot/gåver/sponsorinntekter 2022	
Olden idrettslag	
	Kr
Stryn Kommune - Tilskot turløyper og skianlegg	20 000
Stryn Kommune - Spelemidler Klatrepark	300 000
Norsk Tipping -Grasrotandel	44 116
Sparebankstiftinga Sogn & Fj. - støtte til inventar/innredn. 2.etg	50 000
Stryn Kommune - Kulturmidler	56 000
Norges Idr.Forb og Olympiske - Akt. Midler	46 000
Stryn Kommune - Særskilde kulturtiltak	31 000
Vestland Idrettskrets - drift/utstyr idrettsskolen	12 000
Sponsorinntekter Skarsteinsetra Opp	
Oldenvatn/Hansa	10 000
Sparebanken Sogn og Fjordane	5 000
Eninvest AS,	5 000
Olden Cruise as	4 000
Skogstad sport AS	3 000
Bunnpris Møre	3 000
Helge Hafsås	2 700
Skarstein & Walaker as	2 500
Kvamme 1936 AS	2 500
Hotel Loenfjord as	2 000
Hotel Alexandra as	2 000
PWC AS	2 000
Loen Skyliift	2 000
Olav Erik Hagen as	2 000
Thor Tenden Transport AS	2 000
Flåten Termotransport as	2 000
Odd Atle Skarstein	1 500
Bilextra/Sunde Auto	1 500
Pers Kafe	1 500
Melheim Interiør	1 500
Steinar Muri	1 500
Loen Active AS	1 500
Vangberg Interiør	1 500
Fjordblikk Hytter	1 500
Miljøservice AS - Norva 24	1 500
Olden Fjordhotell	1 500
Flåten Maskin AS	1 500
Ottar Skarstein	1 250
Olden Taxi	1 000
Olden og Vikane Rekneskap AS	1 000
Olden Rør as	1 000

Olden Bryggeri AS	1 000
Jarle Skarstein	1 000
Ketil Hansen	1 000
Per Røyrhus AS	1 000
Briksdal Adventure AS	1 000
Alexander Hennøen	1 000
Rune Holen	1 000
Toka Frisør	1 000
Stabukk Is og Kaffe (Bunnpris)	1 000
Arne Sandnes	1 000
Inge Brynstad	1 000
Arild Hafsås	1 000
Rolf Arne Beinnes	1 000
Olden Bygg	1 000
Yrineset	1 000
Vektklubben Opp og Ned	1 000
Leiv Arne Egset	1 000
Andreas Skogli	1 000
Lars Martin Melheim	1 000
Ingebjørg Hage	987
Irene Krogh Opheim	500
Kåre Morten Strand	500
Svein Gildestad	500
DAFF, Drageset Akupunktur, Fysio og Fitness	500
Coop Vest SA	500
Bunnpris Olden	500
Jarle Sæten	500
Anders Bruvoll	500
Arne Steinar Muri	500
Helene Jørgensen	500
Inge Kjetil Sandvik	500
Toril Skåre Osvik	500
Anne Britt Muri	500
Inge Solheim	500
Vancom AS	500
Kari Tonning	500
Liv Rygg	500
Kåre Bruvoll Alme	500
Hans Petter Galtung	500
Eivind Arne Alme	500
Ragnhild Bruvoll	500
Berit Krogh	250
Sum	662 303

Annonser i pgm.hefte Oldestafetten	
Skarstein & Walaker as	500
Yri Sand	500
Olden Fjordhotell	500
Sparebanken Sogn og Fjordane	500
Bilextra/Sunde Auto AS	500
Bunnpris Olden	500
Coop Olden	250
Olden Rør as	250
Førde Sementvare AS	250
Briksdal Adventure AS	250
Pers Kafe	250
Ytre-Eide Sport as	250
Olden Cruise	250
Stryn Betong AS	250
Sum	5000